



NYE VOLDA KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Ungdomshuset Haukly, Bjørke  
**Dato:** 18.10.2018  
**Tid:** 16:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

## SAKLISTE

| <b>Saksnr.</b> | <b>Sak</b>                                                             |
|----------------|------------------------------------------------------------------------|
| PS 39/18       | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>                           |
| PS 40/18       | <b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>                   |
| PS 41/18       | <b>ØKONOMIRAPPORT NYE VOLDA - SEPTEMBER 2018</b>                       |
| PS 42/18       | <b>Anskaffingsprosess for ny grafisk profil</b>                        |
| PS 43/18       | <b>Orienteringssaker</b>                                               |
| OS 41/18       | <b>Nye Volda - Lokalisering av administrative kontorarbeidsplassar</b> |
| OS 42/18       | <b>Statusoppdatering om nytt slagord</b>                               |
| OS 43/18       | <b>Statusoppdatering frå temakomiteen for heraldikk</b>                |
| OS 44/18       | <b>Statusoppdatering for temakomiteen for kulturbygging</b>            |

**PS 39/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 40/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

|                |                    |               |          |
|----------------|--------------------|---------------|----------|
| Sakshandsamar: | Kari Mette Sundgot | Arkivsak nr.: | 2018/210 |
|                |                    | Arkivkode:    | 151      |

| Utvalsaksnr | Utval                             | Møtedato   |
|-------------|-----------------------------------|------------|
| 41/18       | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 18.10.2018 |

### ØKONOMIRAPPORT NYE VOLDA - SEPTEMBER 2018

#### Administrasjonen si tilråding:

Økonomirapport september for Nye Volda vert teke til vitende.

#### Vedleggsliste:

#### Uprenta saksvedlegg:

#### Samandrag av saka:

Nye Volda fekk i 2017 tilskot som skal nyttast inn mot ny kommune, til saman 25,5 mill kroner. Av desse vart 24,6 mill kr avsett til åra 2018 og 2019. I tillegg er der forventa skjønnsmidlar med 1 mill kroner pr år både i 2018 og 2019.

For 2018 er det budsjettert at vi skal nytte 6,1 mill kr. Mellom anna skal dette gå til stillingar (kommunikasjon, arkiv/personvern, prosessleiar digitalisering), møtegodtgjersle, frikjøp HTV, kompetanseheving, arkiv, data/IKT, konsulenttenester m.m.

## Saksopplysningar/fakta:

### Status økonomi september 2018:

| RAPPORTERING PR SEPTEMBER 2018                                    |                        |                       |                     |
|-------------------------------------------------------------------|------------------------|-----------------------|---------------------|
| Nye Volda                                                         | Rekneskap<br>sept 2018 | Budsjett<br>sept 2018 | Årsbudsjett<br>2018 |
| Inntekter                                                         | 0                      | 0                     | -1 000 000          |
| Lønnsutgifter                                                     | 2 020 936              | 2 832 795             | 3 865 000           |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod         | 593 574                | 1 162 500             | 1 550 000           |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod/Overføringer | 463 857                | 1 275 000             | 1 700 000           |
| Utgifter                                                          | 3 078 367              | 5 270 295             | 7 115 000           |
| Bruk av fond                                                      | 0                      |                       | -6 115 000          |
| Netto avsetjing fond                                              | 0                      | 0                     | -6 115 000          |
| Meirforbruk /Mindreforbruk                                        | 3 078 367              | 5 270 295             | 0                   |

Som det går fram av tabellen er forbruket etter september lågare enn forventa når vi la budsjettet. Dette betyr at vi truleg kjem til å hente mindre frå fondet enn budsjettert. Fleire av tiltaka er som tidlegare nemnt i startsfasen og kostnadane er først forventa i 2019.

I tidlegare økonomirapportar har vi vist til ei rekke tiltak som ligg under dei ulike budsjettpostane over. To nye tiltak er definert den siste månaden. Dette er Val 2019 og ROS-Analyse brann. Tiltak som kjem i 2019. Vi har også no gjort vurdering på tiltak som bør sjåast på som eit investeringsprosjekt og har delt opp tiltaka etter dette:

| Driftstiltak                                            | Ramme   |
|---------------------------------------------------------|---------|
| Videokamera og tilhøyrande utstyr                       | 35 000  |
| Informasjonsbrosjyre                                    | 30 000  |
| Grafisk profil                                          | 350 000 |
| Rekrutteringsprosess Ny kommunalsjef                    | 100 000 |
| Utvikling IKT - Kyrkjeleg Fellesnemnd                   | 333 500 |
| Prosjektstyringsverktøy                                 | 100 000 |
| Tilrettelegging møterom                                 | 220 000 |
| Kjøp av uttrekk av data frå datasystem som går ut       |         |
| Nye komponentar og PC'ar                                | 500 000 |
| Auka frikjøp av tillitsvalde                            |         |
| Kompensasjon til Ørsta kommune - frikjøp leiar landbruk |         |
| Frikjøp prosjektleiing NAV                              |         |
| Frikjøp fagressurs pleie og omsorg - Velferdsteknologi  |         |
| Kulturbygging                                           | 500 000 |
| Kompensasjon for meirarbeid i prosjektfasen             | 193 500 |
| ROS-Analyse brann                                       | 100 000 |
| Val 2019                                                | 650 000 |

**Investeringstiltak:****Ramme**

|                                    |           |
|------------------------------------|-----------|
| IKT Hornindal                      | 1 115 000 |
| KomTek og Gisline                  | 600 000   |
| Nytt sak og arkivsystem (SSIKT)    |           |
| Oppgradering økonomi og lønnsystem | 1 300 000 |
| Infrastruktur Volda - Hornindal    | 6 000 000 |

**Vurdering og konklusjon:**

Status økonomi etter september viser som nemnt at vi ligg godt innanfor avsett budsjettramme. Den største aktiviteten og forbruket vil nok kome i år 2019 og truleg treng vi ikkje å hente ut så mykje av avsette midlar som ligg budsjetttert.

Erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar er at det går vesentlege ressursar til IKT og arkiv. Det er avsett relativt mykje til arkiv, men ein må vere budd på at det vil gå med mykje ressursar til IKT også i samband med etablering av nye Volda. Dette ser vi også no når vi har starta kartlegging saman med leverandørar og SSIKT, jf. Tiltaksliste over.

Det er viktig å vere merksam på at statstilskot til kommunesamanslåingsprosjektet skal gå til prosjektet og bygging av ny kommune, ikkje til å drifte tenester som ein ev forskotterer gjennom vertskapssamarbeid eller andre måtar for organisering.

Det at vi no vel å skilje tiltak på drift og investering gjer at kommunane må ta opp lån for å finansiere tiltak. Låneopptak skal godkjennast av kommunestyret. I og med at prosessleiar for IKT og digitalisering er plassert i Volda er det mest optimalt at det er Volda kommunestyre som gjer vedtak på desse investeringane. Låna vil då gå inn i låneporteføljen til Volda kommune i 2019 og blir ein del av dei låna som går inn i felles låneportefølje i 2020.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Sjå vurdering over

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Utskrift av endeleg vedtak:**



## SAKSDOKUMENT

|                              |                                   |                         |
|------------------------------|-----------------------------------|-------------------------|
| Sakshandsamar: Joakim Rødven |                                   | Arkivsak nr.: 2018/1503 |
|                              |                                   | Arkivkode: 061          |
| <b>Utvalsaksnr</b>           | <b>Utval</b>                      | <b>Møtedato</b>         |
| 42/18                        | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 18.10.2018              |

### ANSKAFFINGSPROSESS FOR NY GRAFISK PROFIL

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda tek prosessen for anskaffing av ny grafisk profil til vitende.**

**Vedleggsliste:**

1. Løysingsforslag frå Grafia reklamebyrå

**Samandrag av saka:**

Etter å ha gjennomført ein konkurranse om grafisk profil, har det blitt sendt inn eitt tilbod. Ei referansegruppe bestående av Joakim Rødven (Nye Volda), Bente Engeseth (Volda) og Norunn Helene Holmøy-Wang (Hornindal) har gått gjennom det som har kome inn og stiller seg positive til å inngå kontrakt med tilbydar, med føresetnadar om at tilbodet vert noko revidert og tilpassa nye Volda kommune sin identitet.

Tilbydar har lagt opp til ein framdriftsplan der det vert gått gjennom oppdraget, logoar, fargar, grafikkelement, fontar og andre basiselement gjennom hausten og vinteren. Planlagt leveranse er januar 2019. Det er derfor lagt til rette for at kommunen får gode mogelegheiter å påverke sluttproduktet slik at den representerer organisasjonen sin identitet best mogleg.

**Saksopplysningar/fakta:**

Totalt åtte aktørar vart inviterte til å ta del i konkurransen om grafisk profil. Både lokale aktørar i Volda og Hornindal vart kontakta, samt byrå elles i Møre og Romsdal. Fristen for å sende inn

tilbod gjekk ut måndag 8. oktober. Grafia reklamebyrå var den einaste aktøren som sendte inn tilbod. Dette byrået har frå før av arbeidserfaring med leveranse av grafiske produkt til Molde kommune og «nye» Molde kommune. Byrået sitt førsteutkast ligg som vedlegg til denne saka.

Tilbydar er varsla om at det er ønskjeleg frå nye Volda si side å opprette dialog om kontraktsinngåing og responsen om å starte prosessen var positiv.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Ettersom det berre vart sendt inn eitt tilbod før fristen, er det ønskeleg for både tilbydar og kunde å starte prosessen så raskt som råd. Det er derfor initiert kontakt mellom partane for å avtale første møte i løpet av veke 43-44. Ettersom dette er ein prosess som vedkjem kommunen sin identitet både internt og eksternt, er det viktig at det endelege grafiske profilprogrammet gir eit representativt uttrykk for den nye kommunen.

For å sikre eigarskap til den nye profilen som nye Volda skal stå for, vil det bli lagt opp til at Fellesnemnda og nye Volda kommune sitt leiarapparat og får jamlege oppdateringar frå prosessen. Dette vil medføre at ein får høve til å gi eventuell tilbakemelding som kan takast med når profilen skal utarbeidast og ferdigstillast.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

I budsjettet er det sett av inntil kr. 350.000,- til ny grafisk profil. Tilbydar har heldt seg innanfor denne ramma.

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Kommunikasjonsrådgjevar, nye Volda





Konsept for grafisk profil  
for nye Volda kommune

Samanslåinga av Hornindal og Volda  
markerer ein ny start. Blanke ark og eit  
nytt kapittel som ventar på å skrivast.

***Kva skal det handla om?***





openheit + tillit + rausheit + likeverd



I det nye kommunevåpenet er pennesplitten med videre. Eit symbol for «det opplyste bondeveldet».

*Eit symbol for ...*



*utdanning*








*og lærdom*



Konseptet vårt for nye Volda kommune er ...



utdanning  
og lærdom



openheit, tillit,  
rausheit og likeverd




*utvikling og framgang*

Konseptet skal gjerast tydeleg ved hjelp av:

*matematiske  
symbol*




*ein brei fargepalett*




*symmetri  
og bindeledd*

*val av font*





*strekmonster*



*eigen ikonstil*



*matematiske symbol*





Symbol for kunnskap og logikk.


A + B - C × D = X

Kombiner ulike partar og få eit nytt svar.





Likeverd. X er lik X.



Likskapsteiknet fungerer òg som eit bindeledd  
mellom to partar.

studentar  
+ dei lokale  
= *Volda*

openheit  
+ tillit  
+ rausheit  
+ likeverd  
= *Volda*

djup  
+ innsjø  
- sjøorm?  
= *Volda*





tillit



rausheit



openheit




likeverd

Symbolnytta kan vera fleksibel, kreativ og tilpasningsdyktig.




*ein brei fargepalett*



= Volda

*eit velkome mangfald*



mange felt (næringar)  
mange personlegdomar (menneske)

likeverd – saman er vi Volda





inspirert av naturen



***symmetri og bindeledd***



Symmetri og kombinasjonar av den breie fargepaletten  
underbygg fokuset på likeverd.











# *kombinasjonar*

Partar kan setjast saman for å danna kombinasjonar.  
Gjerne med kontrastar og glimt i auget.



# *kombinasjonar*

Partar kan setjast saman for å danna kombinasjonar.  
Gjerne med kontrastar og glimt i auget.






*studentar* + *dei lokale* + *turistar*



*djup*



*innsjø*



*sjøorm?*

*skule*



*mobbing*



*Volda*

*val av font*



# Sirba


inspirert av pennesplitten





Strekane i fonten har ulik tjukkeleik.  
Slik som det blir når du skriv med ein pennesplitt.







Farge på fonten? Svart, naturlegvis.


*strekmonster*





... med utgangspunkt i dei matematiske symbola.





brodering/søm/handarbeid





brodering/søm/handarbeid



jordbruk



*eigen ikonstil*




... med utgangspunkt i dei matematiske symbola.





døme på ikon




# Hornindalsvatnet

Det kan lagast spesialikon, etter behov.

*døme på bruk*





### Jordbruk

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed diam nonummy nibh euismod tincidunt ut laoreet dolore magna aliquam erat volutpat.

les meir

livsglede +

 Volda kommune



Volda kommune

- Startside
- Innlegg
- Om
- Bilder
- Arrangementer
- Videoer
- Samfunn

skule - mobbing = Volda

Liker Følg Del ...

Send melding

**Innlegg**



**Volda kommune**  
28. september kl. 14:41 · 🌐

Vil du sjå opptak av kommunestyremøtet som var i går finn du opptak her:

**Samfunn** Se alle

 **Inviter vennene dine** til å like denne siden

 2 984 personer liker dette

 2 981 personer følger dette

# Takk!



## **PS 43/18 Orienteringssaker**



# NOTAT

Fellesnemnda for Nye Volda

|                     |                |                  |                            |             |
|---------------------|----------------|------------------|----------------------------|-------------|
| <i>Arkivsak nr.</i> | <i>Løpenr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd / Sakshandsamar</i> | <i>Dato</i> |
| 2018/1921           | 13971/2018     | 034              | ADM/RUNSJU                 | 11.10.2018  |

## **NYE VOLDA - LOKALISERING AV ADMINISTRATIVE KONTORARBEIDSPlassar**

### **Innleiing**

I prosessane med kommunesamanslåing er lokalisering av kommunale tenester og bruken av rådhusa/kommunehusa eit aktuelt tema. Sentrale problemstillingar rundt dette kan vere organisering av tenesteytinga, leing og kulturbygging, ressursutnytting mv. Konklusjonar bør byggje på ei avveging ut frå heilskaplege omsyn.

### **Intensjonsavtalen**

Tettstaden Volda vert kommunesenteret i den nye kommunen. Ifølgje intensjonsavtalen bør kommunesenteret innehalde det strategiske leiingsnivået og administrative støttefunksjonar knytt til dette. Kommunale arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp.

Vidare seier intensjonsavtalen at dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom "vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i dei tidlegare kommunane. Omsynet til kompetansebygging bør i stor utstrekning byggje på å samle spesialiserte fagmiljø (td. PPT og barnevern).

Under arbeidsgjevarpolitikk uttrykkjer intensjonsavtalen at ein skal utvikle ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen.

Det er eit delmål i intensjonsavtalen å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.

Det er oppvekst og helse-/omsorg som er dei store arbeidsplassane. Desse vil følgje områda som nemnt i intensjonsavtalen og vere knytt til skulen, barnehagen, sjukeheimen og heimetenesta. Det same vil også gjelde brannberedskap og truleg drift knytt til VA. Dette gjer at det vil vere svært mange arbeidsplassar i Hornindal. Som kommunehus for dagens Hornindal kommune

husar Smia kompetansearbeidsplassar. Kva som skal verte lokalisert til Smia i ny kommune må ein ta stilling til ut frå ei vurdering av grunnleggjande kriterier forankra i målsettinga for kommunereforma og intensjonsavtalen.

Overordna kriterier som ein bør vurdere med omsyn til lokalisering av kontorarbeidsplassar:

- Felles organisasjonskultur
- Kompetansemiljø
- Effektivitet/ressursutnytting
- Behov for tilgjengelege tenester

## Kultur

Intensjonsavtalen legg vekt på at ein skal utvikle felles organisasjonskultur for den nye kommunen.

Det finst mykje litteratur på organisasjonskultur. AFF (avd under Handelshøgskulen) si undersøking frå 1999 og 2001 seier at: *«Bedriftens kultur, dvs. de verdier, normer og virkelighetsoppfatninger som preger virksomheten, vil ha stor innflytelse på medarbeiderne. Medarbeideres handlinger er ikke bare styrt av rasjonelle og resultatorienterte handlinger, men også av hva som oppleves som passende og respektabelt å gjøre.*

*Kulturen utgjør en sterk og selvstendig kraft i bedriftene som dels spiller sammen med, men også går på tvers av administrative systemer og rutiner. Det er vanskelig å få medarbeiderne til å øke bedriftens måloppnåelse dersom lederen over tid setter seg ut over rotfestede verdier og kjøreregler.*

*I de tilfeller der usikkerheten blant medarbeiderne er spesielt stor er det særlig de menneskelige relasjonene mellom leder og medarbeider som må ivaretas. Hovedfunnet er imidlertid at alle aspekter ved lederskapet er viktig å ivareta i både stabile og urolige tider, selv om behovet er størst i sistnevnte tilfelle.»*

Erfaringar frå næringslivet viser at det er særleg krevjande å leie avdelingar som skal fusjonerast når desse ligg fysisk frå kvarandre. Kulturskilnader kan gå på heilt ulik kommunikasjon og handlemåtar. Dette kan gi ulike tenester og ulik effektivitet. I næringslivet har ein særleg tungt fokus på tiltak som kan samle organisasjonen om felles kultur, og da for å gi retning om kva ein vil oppnå. Det er særleg i endringsprosessar at ein må jobbe med kulturen. Det vil alltid vere ein viss motstand mot å flytte på seg. Dersom ein gjev etter for dette, så vil konsekvensen ofte vere at det ikkje skjer faktisk endring og ein held fram å arbeide slik som ein har gjort tidlegare. Da vil ein risikere at deltenester ikkje er godt nok forankra under felles mål og felles leiing. Dette tilseier at ein bør samle det enkelte tenestoområde ein stad, slik at tenesta ikkje vert splitta opp og ligg ulike stader. Dess meir strategiske oppgåver som ligg til ei teneste, dess meir behov er det også for at tenesta ligg nær sentralleiinga i kommunen.

## Kompetansemiljø

Eit sentralt formål med kommunereforma er å sikre kommunar som har gode fagmiljø og kan yte gode og effektive tenester. Dette er også noko som er vektlagt i intensjonsavtalen for nye Volda.

Behovet for større kompetansemiljø i små kommunar er ei av dei målsettingane som regjeringa har vore mest tydeleg på i samband med kommunereforma, jfr m.a: «*Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer.*»

Splittar ein opp fagmiljøa og lokaliserer dei fleire stader, så vil ein ikkje oppnå effekten med sterkare fagmiljø.

Ekspertutvalet som vart nedsett under kommunereforma (Vaboutvalet/rapport frå mars 2014), utarbeidde kriterier som la føringar for vidare handsaming av reforma i regjeringa og Stortinget. Nedanfor er det sitert utdrag for det som gjeld tenesteyting:

#### *«Tilstrekkelig kapasitet*

*Kommunene må ha en tilstrekkelig kapasitet både faglig og administrativt for å kunne løse oppgavene på en effektiv og god måte. Tilstrekkelig kapasitet henger nært sammen med tilgang til relevant kompetanse. Å få én stilling med god fagkompetanse vil ikke gi grunnlaget for et godt fagmiljø. Til det trenger man også kapasitet til å behandle en viss mengde saker, ha god kontroll og oversikt, og til å utvikle fagområdene.*

#### *Relevant kompetanse*

*I tillegg til tilstrekkelig kapasitet, er også relevant kompetanse avgjørende for å sikre sterke fagmiljøer og en god administrasjon. Dette innebærer også at det må være en bredde i kompetansen. Manglende kapasitet og kompetanse er også fremhevet som utfordringer for at kommunen skal ivareta sine roller som samfunnsutvikler og myndighetsutvikler. Innenfor kommunens rolle som demokratisk arena kan en kommunal administrasjon med kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag for de folkevalgte bedre den politiske styringen og utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet. Av hensyn til lokaldemokratisk styring er det avgjørende at kommunen selv kan sikre tilstrekkelig kapasitet og kompetanse og ikke er avhengig av samarbeid eller hjelp fra andre.*

#### *Tilstrekkelig distanse*

*Kommunene må ha en slik størrelse at det er tilstrekkelig distanse mellom saksbehandler og innbyggerne. Dette for å sikre likebehandling og at det ikke tas utenforliggende hensyn i myndighetsutøvelsen, samt at innbyggerne sikres de rettigheter de har etter loven. I tillegg skal habilitetsreglene sikre tilliten til kommunene og beskytte den enkelte saksbehandler mot utidig press.»*

### **Effektivitet/ressursutnytting**

Ei av målsettingane for kommunereforma er: «*Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.*»

Det er ei sterk kopling mellom kompetanse og god ressursutnytting. Med tilgang på god kompetanse vil ein enkeltvis og som team arbeide meir sjølvstendig, kan ta avgjerder raskare og finn smarte løysingar på problemstillingane.

Ei anna problemstilling er kva som er arealøkonomisk effektivt. Når det gjeld variabelen ressursutnytting må denne vurderast i høve til korleis ein får mest ut av arbeidstakarane og kva som er mest økonomisk med omsyn til forvaltning, drift og vedlikehald av det bygningsmessige.

### **Tilgjengelege tenester**

Av omsyn til avstand kan det vere behov for at enkelte publikumsretta tenester vert gjort tilgjengelege. Dette bør gjerast utan at ein splittar opp tenesta og bryt opp kompetansemiljøet. Intensjonavtalen nemner spesielt servicetorg, Nav og sosiale tenester. I tillegg har det vore uttrykt forventningar om at landbrukstenester er tilgjengelege. Landbruk er ei stor og sentral næring i Hornindal, og det er viktig at ein i den nye kommunen legg til rette for vidareutvikling av næringa.

I åra framover er det forventa at ein del publikumsretta tenester vert digitalisert. Dette er både for å forenkle for folk, samtidig som tenestene kan verte meir effektive. Det kjem truleg til å endre funksjonen til servicekontora. Fleire kommunar legg servicefunksjonar til biblioteka, der biblioteka vert sentrale møteplassar samtidig som dei handterer lågterskeltenester.

Nav gjennomfører ein stor omstilling gjennom digitalisering, den såkalla kanalstrategien. Formålet er å få alle som kan få dei meir sjølvstendige brukarane over på digital tenestekommunikasjon for å frigjere tid til individuell oppfølging av dei som har størst vanskar med å takle kvardagen og for å kome seg over i arbeid. Som ledd i dette skal Nav også kunne drive oppsøkjande verksemd også overfor dei tyngste brukarane. Framtidig organisering av Nav-tenesta bør vurderast ut frå kva som samla sett tener brukarane best. Kontoret må ha brei kompetanse og kapasitet, samtidig som dei mest sårbare må verte sett og få tilgang på gode tenester. Det er ei eiga utgreiing for Nav-tenesta leia av Ørsta kommune som vertskommune. Nye Volda skal inngå vertskommuneavtale med Ørsta om desse tenestene. Avtalen må seie noko om korleis ein ivaretek nødvendige desentraliserte Nav-tenester. Dette kan t.d organiserast mobilt ved oppsøk, ev med kontortid på Smia (kommunehuset på Grodås)

Det er berre 35 minutt mellom Grodås og Volda sentrum. Dette er relativt kort avstand, og gjer at det er mogleg å samle kompetansemiljø og kapasitet i administrasjonssenteret med fokus på auka kvalitet på tenestene og meir effektiv ressursutnytting. Med denne korte avstanden ligg det også godt til rette for at tilsette som representerer kompetansesarbeidsplassar i Hornindal kan verte buande i Hornindal også etter 2020.

### **Kommunale tenester på Smia**

Basert på ei samla vurdering av kriteria ovanfor vil følgjande tenester vere aktuelle på Smia i nye Volda:

- Bibliotek og frivilligsentral  
Dette vil vere ei fast bemanna base tillagt lågterskelfunksjonar for å hjelpe folk med t.d utfylling av skjema, rettleiing om offentlege tenester generelt, hjelp til å gjere timeavtalar mv. Slike timeavtalar kan ved særlege behov også organiserast som møte på Smia.
- Kontortid for landbruk (jord-/skogbruk)
- Ev kontortid for Nav

Ei slik tenesteorganisering vil sikre at ein for dei samla tenestene har ei samla base, der ein kan bygge felles kultur, større kompetansemiljø og utviklingsmiljø som også vil gi gevinst på den menneskelege ressursinnsatsen.



Vidare vil det vere aktuelt å kunne bruke møterom i Smia til leiarutvikling, fagutvikling mv i nye Volda. Det å ha møtelokale utanom dei daglege møtelokala kan vere nyttig for å arbeide utan avbrot, samtidig som ein kan få litt andre perspektiv ved å kome seg ut av kvardagen.

### **Private tenester på Smia?**

Sysseting er eitt av satsingsområda for Nye Volda. Dette handlar om å leggje til rette for nye arbeidsplassar og lokal verdiskaping for heile den nye kommunen.

Det er allereie etablert eit næringskontor på Smia for næringar relatert til landbruk, reiseliv og kultur; Smia utvikling. Dette er kommunalt finansierte, men kontoret skal vere eit virkemiddelapparat for å stimulere næringsutvikling.

Kan det tenkjast at restkapasiteten i Smia kan ha kontor for nyetablerarar og ev frivillige lag og organisasjonar? Det å kunne tilby nyetablerarar rimelege kontor og utstyr til rimelege vilkår i ei oppstartfase kan vere eit tiltak innanfor satsingsområdet sysseting.

### **Volda rådhus – sprengt kapasitet**

Volda rådhus har i dag sprengt kapasitet. Det vert sett på om ein kan frigjere nokre kontor ved å dele opp større kontor, ta i bruk ev eitt møterom til kontor og interne rokkingar for å utnytte kapasiteten enda betre. Likevel kan det verte for liten plass.

Barnevernet kan i åra som kjem ha behov for meir areal. I 2020 får barnevernet overført fleire oppgåver frå statens barnevern. Sande kommune har meldt interesse om å verte med i det interkommunale barnevernet.

Det er også behov for rehabilitering av kjellaretasjen og 3. etasje i gamle delen av rådhuset. Dette er større investeringar i storleiken kr 8 – 10 mill. Rehabilitering er ikkje ein del av kommunesamanslåingsprosessen, og må vurderast uavhengig av dette i budsjett- og økonomiplansamanheng.

I åra framover kan det verte frigjort noko plass som følgje av effekten av kommunesamanslåinga ved naturleg avgang, stillingar som kan verte frigjort ved digitalisering og at tenestemråde kan verte løyst gjennom interkommunalt samarbeid. Det siste føreset da at arbeidsplassane vert lokalisert andre stader, ev at andre er vertskommune.

Kulturhus med bibliotek er under planlegging i tilknytning til samfunnshuset i Volda. Dersom desse planane vert realiserte vil lokala til biblioteket kunne frigjerast til kontor, og da vil ein kunne ha tilstrekkeleg kapasitet. I mellomtida vil ein måtte finne andre løysingar dersom ein ikkje greier å gjere tiltak for å frigjere plass i rådhuset. I så fall kan slike mellombelse løysingar t.d vere:

- Leie lokale i Volda sentrum
- Leggje funksjonar til Smia

Dersom ein skal leggje funksjonar til Smia bør det primært vere ei samla avdeling for å ivareta kriteriet for samla fagmiljø, felles kulturbygging og det å kunne arbeide effektivt. Dersom interkommunalt samarbeid for løn og rekneskap ev skulle liggje litt fram i tid, kunne td løn og rekneskap vere ein slik funksjon ein kunne lagt til Smia. Det ville da frigjort plass for andre funksjonar som bør vere samla i rådhuset til den nye kommunen. Løn og rekneskap er blant dei tenestene som i relativt nær framtid kan vere mest aktuelt å slå saman i eit interkommunalt samarbeid.

## **Prosess**

Problemstillingar rundt lokalisering vart gått gjennom i administrativ styringsgruppe 04.10.18. Det vert eit informasjonsmøte for dei tilsette i Smia 18. oktober, og temaet vert gjennomgått i felles møte med hovudtillitsvalte og hovudverneombod i november.

Overordna handlar denne saka om prinippielle spørsmål knytt til ressursutnygging og administrative tenester. Dette er politiske spørsmål. Kvar ein skal ha oppmøtestad vil sjølvsagt ha verknad for dei tilsette, og dei tilsette må derfor informerast tidleg og høyrast i prosessen vidare. Fellesnemnda får notatet no i første omgang til orientering og drøfting. Ein kjem attende til eiga sak seinare der det må takast avgjerd.

Volda, 11.10.18

Rune Sjurgard

Kopi:

Alle hovudtillitsvalte i Volda og Hornindal  
Hovudverneombodet i Hornindal og Volda  
Leiarteamet i nye Volda  
Alle tilsette ved Smia

**OS 42/18 Statusoppdatering om nytt slagord**

**OS 43/18 Statusoppdatering frå temakomiteen for heraldikk**

**OS 44/18 Statusoppdatering for temakomiteen for kulturbygging**